

LÆR SPRÅK LÆR SPANSK



Visste du at eit spansk selskap (*Acciona*) skal byggje tunnelane mellom Oslo og Ski?

Visste du at det spansk-norske selskapet CAF skal byggje dei nye toga til *Flytoget* mellom Oslo og Gardermoen?

Visste du at det finst meir enn tjue spanske selskap som er etablerte i Noreg, eller at det norske selskapet *Marine Harvest Chile* har slått seg saman med det chilenske selskapet *Aquachile*?


Visste du at det er ca. 51 millionar spansktalande i USA, 13 millionar i Brasil, 3 millionar på Filippinane, 2 millionar i Frankrike, 900 000 i Canada, 360 000 i Marokko, 206 000 i Belice, 50 300 i Andorra og 28 500 på Gibraltar?

Visste du at spansk blir snakka av meir enn 1 million personar i Tyskland, Storbritannia, Italia, Russland, Sverige, Sveits, Israel, Trinidad og Tobago, Jamaica, Haiti og Australia?

Visste du at i land som ikkje er spansktalande, finst det meir enn 22 millionar personar som studerer spansk?

Visste du at spansk er det mest populære språket blant norske elevar?

DISTRIBUCIÓN GEOGRÁFICA DE LA LENGUA ESPAÑOLA



● Lengua oficial o cooficial
● No oficial pero ampliamente extendida
● Lengua criolla de base española



Lær spansk • www.ampenorge.no
Den norske spansklærerforeningen



→ **Hvifor lære spansk?**

Vi lærer framandspråk for å forstå folk som ikkje snakkar det same morsmålet som oss. Vi har alle opplevd kor frustrerende det er viss vi ikkje kan snakke med folk i eit land vi besøker. Det er ikkje moro å berre vere med andre turistar fordi vi ikkje skjønar noko av det som skjer rundt oss. Då går vi glipp av det beste med å reise: Å bli kjent med det landet vi besøker, med folka som lever der og måten dei lever på. Å vere omgitt av folk du ikkje kan snakke med, er trist. Viss du lærer spansk, kan du bli kjent med folk i 22 land. Eit heilt kontinent!



→ **Spansk er eit variert språk**

Spansk er offisielt språk i 22 land med enorme kulturforskjellar i mat, fest, folklore, sport, litteratur, film og musikk, mykje musikk...

→ **Spansk er eit levande språk**

Spansk er det språket som veks raskast i Europa og USA, og i det siste har det byrja å vekse i Asia òg. Det er eit språk med enorm variasjon i litteratur og musikk, og dei fleste kjenner namnet på ein spansktalande artist

→ **Spansk er eit praktisk språk**

Spansk blir ofte kalla eit ferie-språk. Tenk så herleg å snakke eit språk som får oss til å tenkje på sol, sjø og strender! Men samtidig er det eit språk for kultur og vitskap. 23 Nobelprisar



har gått til forfattarar og forskarar frå spansktalande land.

→ **Spansk er eit språk for politikk og økonomi**

Spansk er eitt av dei seks offisielle språka til FN, UNESCO, Verdas helseorganisasjon, FN-organisasjonen for mat og landbruk, Verdas handelsorganisasjon og Den internasjonale teleunionen. I mange internasjonale organisasjonar er spansk arbeidsspråk. Spansk er representert i alle internasjonale politiske organisasjonar. Samarbeidet mellom dei spansktalande landa blir også stadig viktigare, noko FNs økonomiske kommisjon for Latin Amerika og Kariibia, CEPAL, er eit døme på. Når det gjeld økonomi, er spansk ein viktig reiskap for handel mellom små og mellomstore bedrifter i Noreg og i spansktalande land. Kunnskapar i spansk opnar marknader for norske bedrifter.